

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
004/22	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	PS	01.02.2022

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ketil Tjore	FE-033	22/163

Status i arbeidet med nye lokale for arbeidssenteret, merknader frå RMNF

Framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram for drøfting

På vegner av RMNF etterlyser ein framdrift i arbeidet med nytt arbeidssenter.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne - 004/22

RMNF - behandling:

Odd Øksnes orienterte om arbeidet som har skjedd i dei møta som har vore i gruppa for nytt arbeidssenter. Vestlia har på vegner av brukarane meldt inn eit behov, så skal teknisk laga ei skisse som skal vera grunnlag for ei utlysing av kva behov kommunen skal ha dekkja. Veit ikkje at slik skisse er laga.

Det aktuelle er då at nokon kjem med innspel om å tilby lokale som finnest i dag, eller at det er nye lokale som kan byggast.

Anny Helene Sætre Bertelsen har tatt dette med seg til organisasjonen NFU, og dei har komme med innspel som er sendt til administrasjonen ved kommunalsjef Monika Kvamme.

Bertelsen sa at etter innspel frå NFU har ein tatt kontakt med eigarane av den gamle barnehagen på Årås, for å sjå om dette kan vera eit aktuelt lokale. Bygget er kanskje i dårleg stand, men uteområdet er mykje betre enn det som er på Kaland i dag, der det berre er ein parkeringsplass.

Odd Øksnes sa at det ikkje er bestemt at nytt arbeidssenter skal ligga der eller der i kommunen, men at det må vera i gangavstand frå buss, og at Fonnes senter er vurdert som ei aktuell plassering.

Det vart diskutert om ein kan nytta dagens plassering, og byggja nytt arbeidssenter der.

Det vart spelt inn at ein kan sjå om det nye Austrheim kommunale eigedomsselskap kan løysa denne oppgåva for kommunen.

Handsaming i rådet:

Samrøystes for at ein etterlyser framdrift i arbeidet.

RMNF - vedtak:

På vegner av RMNF etterlyser ein framdrift i arbeidet med nytt arbeidssenter.

Saksopplysninger:

Bakgrunn

Leiar i rådet, Odd Øksnes, orienterer om framgangen i arbeidet med nye lokale for arbeidssenteret.

Konklusjon

Saka vert lagt fram for drøfting